



Møtereferat

- Føremål:** Halvårleg evaluering av utviklinga av tilbodet innan dei prehospitale tenestene i Bremanger
- Møtetid:** Onsdag 07.12.2022 kl. 10.00 – 12.30
- Sted:** Svelgen – Bremanger rådhus
- Referent:** Arve Varden
- Møteleiar:** Arve Varden

Deltakarar			
Namn	Tittel/funksjon	Eining	Forfall
Arve Varden	Administrerande direktør(AD)	Helse Førde	
Tom Guldhav	Prosjektleder – klinikkdirektør	HF Kirurgisk klinikk	
Robert Brennersted	Avdelingssjef A	HF Avdeling for akuttmedisin	
Stian Sægrov	Ambulansesjef	HF Ambulansetenesta	
Anne Kristin Førde	Ordfører	Bremanger kommune	
Magne Ivar Kjerpeset	Varaordfører	Bremanger kommune	
Tom Joensen	Rådmann	Bremanger kommune	
Randi Ytrehus	Kommunalsjef for helse og omsorg	Bremanger kommune	
Anita Brevik	Driftssjef	Bremanger kommune	
Jan Helge Dahle	Kommuneoverlege	Kinn kommune	
Kristian Bøyum Ulvund	Legevaktsjef	Kinn kommune	

REFERAT

Saknr/2022	Sakliste	Ansvarleg
Innleiing	<p>Ordfører Anne Kristin Førde opna møtet med å ønske velkommen til Svelgen og Bremanger kommune.</p> <p>Ansvar for å leie møtet vart så gitt til AD Arve Varden. Han orienterte om bakgrunn for møtet med å vise til styresak 073/21 i Helse Førde om prehospital plan fase 3.</p>	
01	<p>Godkjenning sakliste</p> <p>Det vart semje om å tilføre saklista to punkt.</p> <ul style="list-style-type: none">• Pasienttransport• Hending frå 04.12.2022 med ambulansébåt i Florø som for eit tidsrom var ute av teneste. <p>Vedtak: Sakliste for dagens møte vart godkjent med dei to ekstra punkta.</p>	

02	<p>1. Helse Førde gjennomgår logg og erfaring frå sommaren og fram til no</p> <ul style="list-style-type: none"> • Fakta frå Bliksund – aktivitetsoversikt, sjå vedlegg • Utrykking for ulike ressursar i Bremanger (tall fra AMK) <p>Ambulansesjef Stian Sægrov gjennomgjekk tal frå Helse Førde sine system. Ingen avvik eller hendingar er registrert så langt. Det føreligg planverk for å setje inn kompensierende tiltak dersom t.d. uvær, men dette har til no ikkje blitt sett i verk.</p> <p>Ingen konkrete hendingar vert meldt frå Bremanger kommune. Ordføraren fortel om nokre tilbakemelding frå innbyggjarar i Ytre Bremanger som går på meldingar om at ein kjenner seg utrygg etter at ambulansestasjonen er lagt ned. Når det gjeld sjølve ambulansebåten, så er det gode tilbakemeldingar.</p> <p>Flora Legevakt har heller ingen negative tilbakemeldingar å melde.</p> <p>Til neste møte kan Helse Førde hente ut tal på bruk av luftambulanse for indre og ytre Bremanger.</p> <p>Konklusjon: Ingen avvik eller hendingar er registrert så langt. Det har heller ikkje fram til no vore behov for å sette inn kompensierende tiltak.</p> <p>Unntak er hending 04.12.22 då ambulansebåt deltok i brannutrykning til Kinn og som hadde som konsekvens at ambulansebåten brukte opp tilgjengeleg tid.</p>	
03	<p>Erfaringar frå Flora legevakt etter at Bremanger kommune vart innlemma i legevaktdistriktet</p> <p>Legevaktsjef Kristian Bøyum Ulvund gjennomgjekk Legevakta sine erfaringar. Tenesta blir vurdert som god og fagleg forsvarleg. Innbyggjarane i Bremanger får gode tenester. Opplever at samarbeidet med legevakt-satellitt i Bremanger fungerer godt.</p> <p>Ingen negative erfaringar vert meldt frå Bremanger kommune.</p> <p>Helse Førde si tilbakemelding er at legevakt i Florø på kveld, natt og helg fungerer godt.</p> <p>Konklusjon: Legevakt-tilbodet på kveld, natt og helg fungerer godt.</p>	
04	<p>Risiko og beredskap</p> <ul style="list-style-type: none"> • Revidert ROS for Akuttmedisinsk kjede i Bremanger • Plan for utfordrende situasjonar <p>Ambulansesjef Stian Sægrov innleia og orienterer om utvikling i responstider for heile kommunen. Tala etter endring er i samsvar med det Helse Førde har kommunisert.</p>	

	<p>Helse Førde vurderer ut frå talmateriale og logistikk-omsyn at beredskapsambulansen som står plassert i Leirgulen med fordel kan stå i Berle og sikre betre logistikk ved oppdrag her. På direkte spørsmål til Bremanger kommune og legevakta kjem det ingen innvendingar til Helse Førde sitt ønskje om å flytte bil frå Leirgulen og til Berle. Tilbakemelding til Helse Førde er at bilen kan flyttast.</p> <p>I dialogen kjem det opp ønskje frå LV-sjef om video i ambulansane. Dette vil kunne bidra til å løyse nokre hendingar utan at pasienten treng å reise til sjukehus eller legevakt.</p> <p>Ambulansesjefen responderer at ordninga med video 113 er innført og gitt opplæring i. Dette er same system som legevakta brukar. Helse Førde vurderer og å prøve ut hodekamera. Helse Førde tar vidare ønske om meir bruk av video.</p>	
05	<p>Helse Førde ønskjer at ein også evaluerer/vurderer</p> <ul style="list-style-type: none"> • Organisering av daglegevakt • Plan for organisering av lege og helsestasjonstenesta i Bremanger <p>Helse Førde viser ved eksempel utfordringane Bremanger kommune har med si organisering av legevakt på dagtid. Helse Førde meiner at denne tenesta fungerer dårleg og at det må arbeidast for å få til ei betre løysing enn ein har i dag.</p> <p>Bremanger kommune fortel at det er krevjande å få til ei tilfredstillande løysing for legevakta på dagtid med to legekontor i kommunen. Kommunen orienterte litt om pågåande prosjekt for å sjå på organisering av lege og helsestasjonstenesta i kommunen.</p> <p>Flora legevakt er og kritisk til kommunen si organisering av legevakttenesta på dagtid.</p> <p>Konklusjon: Helse Førde vil sende problemstillinga til Statsforvaltaren i Vestland for vurdering og avklaring. Bremanger kommune hadde ikkje motsegn til saka, og tok den til vitande.</p>	
06	<p>Tilbakemelding/innspele frå kommunane Bremanger og Kinn</p> <p>Bremanger kommune har ingen innspel utover det som er nevnt.</p> <p>Kinn kommune ved kommuneoverlege Jan Helge Dale understrekar at Bremanger kommune må fortsetje aktivt arbeid med å legge tilhøva tilrette for rekruttering av fastlegar som også kan gå i vakt. Dette er ein føresetnad for det legevakt ansvaret Kinn kommune har teke på seg.</p>	
07	<p>Evt. innspel fra prosjektgruppa</p> <p>Prosjektleder for prehospita plan fase 2 og 3, klinikkdirektør Tom Guldhav, fortel at ein har hatt sitt siste møte i prosjektgruppa den 04.11.22.</p>	

	<p>Prosjektgruppa er no avvikla sidan planarbeidet er ferdig og at oppfølging av planen er driftsorganisasjonen sitt ansvar.</p>	
08	<p>Andre forhold</p> <ul style="list-style-type: none"> • Pasientreiser – Både frå Bremanger kommune og Flora legevakt blei det tatt opp at ein meiner Pasientreiser ved enkeltsaker har opptredd for regelstyrt og lite pasientvennleg. AD Arve Varden lova å drøfte praktisering av retningslinjene med pasientreiser. • Hending der Ambulansebåten i eit gitt tidspunkt søndag 04.12.2022 ikkje var operativ. Denne hendinga vil Helse Førde gjennomgå saman med operatøren av båten. Helse Førde ser fleire læringspunkt i ettertid som vil bli følgt opp. Historia var som nevnt i punkt 01 at ambulansbåten deltok i brannutrykning i Kinn med konsekvens at båten brukte opp tilgjengeleg tid. Helse Førde får klagen sendt over og svarer dette ut i tråd med samarbeidsavtale. <p>Det var og omtalt at Helse Førde må følgje opp Kinn kommune i forhold til bruk av ambulansbåt ved brannberedskap.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Bremanger kommune har i etterkant av møte bedt om at Helse Førde tar inn i referatet at ein må finne betre parkeringsløyisingar for ambulansane som står stasjonert i Kalvåg og Leirgulen, då begge bilane den siste tida har vore dekkja av snø og is. <p>Tiltak for å unngå at situasjonar som omtalt frå Bremanger kommune oppstår er no iverksett frå Helse Førde.</p> <p>Til slutt i møtet gjentok AD Arve Varden at målsetjinga er å legge fram ei sak for styret i januar der ein evaluerer dei prehospitale tenestene i Bremanger i tråd med styresaka av 25.11.2021.</p> <p>Det var semje om at evt. skriftlege innspel til evalueringsarbeidet frå Bremanger kommune og Flora legevakt til Helse Førde må sendast innan 20.12.2022.</p>	